

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - B44	14/916

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014
	Kommunestyret	PS	

Framtidig skulefruktordning i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Når den statlege ordninga med tilskot til skulefrukt fell vekk, vil Masfjorden kommune gå inn for å betala for frukt til alle elevane i grunnskulen kvar dag skuleåret 2014-15. Kostnaden må leggjast inn i budsjettet for 2015.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regjeringa har kome med framlegg om å oppheva den plikta kommunane har til å gje elevar på ungdomsskular og kombinerte skular gratis frukt og grønt. Det er grunn til å tru at framlegget vert vedteke. Kommunestyret som skuleeigar må ta stilling til korleis denne saka skal ordnast her i vår kommune.

Fakta

Frå 1. august 2008

vart det innført ei plikt for kommunane å gje elevar ved ungdomsskular og kombinerte barne- og ungdomsskular gratis frukt og grønsaker. I Prop. 68 L (2013-2014) gjer regjeringa framlegg om å oppheva denne plikta og slik gje skuleeigarane høve til sjølv å avgjera om dei vil ha ei skulefruktordning. Masfjorden kommune gav i si høyringsfråsegn uttrykk for at ein var i mot å oppheva ordninga med skulefrukt. (Sjå formannskapsvedtak i sak 3/14).

Vurdering

Departementet skriv at

lovendringa vil stilla skuleeigarane fritt til å velja om dei vil ha ei skulefruktordning og til å velja korleis ei slik ordning eventuelt skal innrettast. Departementet er samd i at skolefrukt er positivt for elevane. Framlegget om å endra lova er ikkje uttrykk for at departementet ikkje meiner at dagleg frukt og grønsaker er viktig for folkehelsa. Dei pengane staten sparar på ordninga, er blitt overført til vidareutdanning for lærarane.

Ut frå departementet sin gjennomgang er følgjande alternativ dei mest aktuelle:

- a) Abonnementsordning der foreldra betalar ein sum pr. dag.
- b) Ei ordning der kommunen tek kostnaden med dagleg frukt og grønt til alle elevar.

I dag har reine barneskular tilbod om ei abonnementsordning på skulefrukt, subsidiert over Helse- og

omsorgsdepartementet sitt budsjett. Denne ordninga vert frå hausten 2014 utvida til også å gjelda ungdomssteget. Ordninga byggjer på at foreldra betaler kr 3 for kvar dag barnet deira skal ha frukt på skulen, om lag som den mjølkeordninga skulane våre har hatt i mange år. Det er ingen kommunale utgifter med ei slik ordning. Mange barneskular nyttar seg av dette tilbodet.

Kr 3 pr dag er ikkje nokon stor sum. Men det utgjer kr 570 pr skuleår for ein elev og 1140 for to. Rådmannen er ikkje sikker på at alle heimar kan eller vil ta denne utgifta. Me risikerer at nokre born vert ståande utanfor. Dersom me skal sikra oss at tilbodet om frukt og grønt når fram til alle, bør me ha ei ordning som er gratis for elevane. Å gje alle elevar i Masfjordskulane gratis frukt og grønt kvar dag gjennom året, vil kosta nokså nøyaktig kr 105000,- for eit skuleår. Utgiftene for hausten 2014 ligg inne i budsjettet. Dersom elevane våre skal få gratis frukt heile skuleåret 2014-15, må det finnast dekning for ein kostnad på kr 60000 ekstra for våren 2015. For heile 2015 vil kostnaden som sagt vera om lag 105000.

Konklusjon

Med bakgrunn i den effekt me veit at frukt og grønt har på elevane går Masfjorden kommune går inn for at alle elevar skal få tilbod om frukt og grønt kvar dag. Kostnaden må leggjast inn i budsjettet for 2015.

Formannskapet - 061/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framleggjort frå rådmannen vart samråystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - vedtak:

Når den statlege ordninga med tilskot til skulefrukt fell vekk, vil Masfjorden kommune gå inn for å betala for frukt til alle elevane i grunnskulen kvar dag skuleåret 2014-15. Kostnaden må leggjast inn i budsjettet for 2015.